



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Kontakt saksbehandlar
Bjørn Mo, 51568909

Uttale til høyring av konsesjon - Sauda - småkraftverk Nedre Mollaelva - Bekk og Strøm AS - forlengelse byggefrist

Me syner til brev frå Noregs Vassdrags- og Energidirektorat av 16.08.2024 om høyring av forlengd byggefrist for Nedre Molla Kraftverk.

Bakgrunn


NVE fekk inn ein søknad frå Bekk og Strøm AS, datert 13.03.2023, om løyve til å forlenga byggjefristen for Nedre Molla kraftverk med fem år, til 09.04.2028. Bekk og Strøm AS fekk opphavelig konsesjon til å byggja kraftverket den 09.04.2018. Dei er no fusjonert inn i Cadre Elvekraft AS, som har overdrege konsesjonen, og som no held i søknaden.

NVE skal vurderer om det er kome inn nye moment i saka som tilseier at fristen ikkje bør bli forlengd. Statsforvaltaren er særleg bedt om å vurderer om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldlova § 8, eller om det er naudsynt med ytterlegare utgreiingar.



Vår vurdering

Eit område nord for Endre Molla Kraftverk er kartlagt for frivillig skogvern. De søndre deler av området som er kartlagt er vist i figur 1, under.



Figur 1. Område kartlagt for frivillig skogvern.

Skogvernverdiane er liggande død ved, store gamle tre og frisk rik edellauvskog med lågurtutforming i det mørkeraude arealet. Det oransje arealet er liggande død ved med svak lågurtskog og blåbærskog, 50/50%. Avgrensinga er i tilbodsgrensene og syner at det er truleg at dei store verdiane kan fortsette sør for det kartlagde området.

Statsforvaltaren sin vurdering er at det bør gjennomførast ny biologisk kartlegging i planområdet. Kunnskapen om truga naturtypar og kjennskapen til raudlista og fuktkrevjande lav- og moseartar har auka dei seinare åra, men det er framleis mangelfullt i planområdet.

Etter at kraftverket vart utgreidd har det kome nytt rettleiingsmateriell for kartlegging av biologiske verdier i små vassdrag: *Kartlegging av naturtyper, moser og lav langs små vassdrag i Norge* ([Rapport \(nve.no\)](http://nve.no))

Det er og kome ein ny rapport om verdsetting av bekkekløfter: [NVE Ekstern rapport 21/2022: Verdsetting av bekkekløfter : sluttrapport for FoU-prosjekt 80263](#)



Med helsing

Tage A.T. Eriksen (e.f.)
fagleder natur

Bjørn Mo
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent